



Kvalsvik - Gjerde Garden
Brekkevegen 6
6098 Nerlandsøy

Vår referanse
26/517 26/14475

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Bjørnar Eikenes

Dato
24.06.2026

Saksnr.	Utval
06/26	Formannskapet

Svar på søknad om skjenkeløyve for einskildhøve - Kvalsvik-Gjerdegarden

Vedtak:

Kvalsvik – Gjerdegarden, organisasjonsnummer 919710462, får skjenkeløyve til einskildarrangement på Mulevikvegen 6 på Nerlandsøya jf. teikning 07.08.2026 frå 18:00 – 00:00.

- Løyve gjeld varegruppe 1
- Løyve gjeld frå kl. 18.00 – 00.00.
- Arrangementet skal vere på Mulevikvegen 6 på Nerlandsøya jf. teikning.
- Arrangementet har aldersgrense 18 år
- Arrangementet er for inntil 500 personar
- Skjenkestyrar er Andrea Grønvold, f. 2000.
- Avløysar er Mats Jøsok Kvalsvik, f. 2000.

Vilkår for løyvet:

- Konsum av alkoholholdig drikke må opphøre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut.
- Arrangør ryddar etter arrangementet og stiller tilfredsstillande vakthald.
- Herøy Brann og Redning skal varslast om arrangementet ([melding til brannvesenet.](#)), og skal ha godkjent branntryggingstiltak der dei ser på det som nødvendig.

Gebyr for handsaming av søknad er på kr. 1200, jf. alkoholpolitisk handlingsplan punkt 8. Faktura vert ettersendt. Vedtaket er gjort etter alkohollova §§ 1-6, 1-7c og 4-2, samt kommunen sin alkoholpolitiske plan.

Vedtaket kan påklagast innan 3 veker frå dags dato. Sjå rettleiing her:

<https://www.heroy.kommune.no/tenester/organisasjon-og-tilsette/klagerett/>

Med helsing

Anne Kathrine Løberg
avdelingsleiar landbruk

Bjørnar Eikenes
Sakshandsamar viltforvalting

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Samandrag:

Kvalsvik-Gjerdegarden får løyve til skjenking.

Saksopplysningar:

Kvalsvik-Gjerdegarden har søkt om skjenking på Mulevikvegen 6 på Nerlandsøya 07.08. Det er søkt om skjenking i varegruppe 1. Arrangementet er for inntil 500 personar. Det er skrive at det vil verte nytta 17 vakter som har erfaring med liknande arrangement. Styrar har kunnskapsprøva. Politiet har hatt anledning til å kome med innspel.

Vurderingar

Kvalsvik-Gjerdegarden har sendt inn nødvendig informasjon. Politiet har hatt søknaden til uttale.

Konklusjon

Kvalsvik-Gjerdegarden får løyve med vilkår.

Mottakar			
Mats Jøsok Kvalsvik	Brekkevegen 6	6098	Nerlandsøy
Kopi til			
Frank Steinsvik			
Lene Utseth			
Securitas Transport Aviation	Postboks 100 Alnabru	0614	Oslo
Security As Avd Ålesund			